



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3642 - 19/37490

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
13.12.2019

Mellombels bruksløyve for einebustad med innebygd dobbel garasje - gbnr 56/163 Hundvin

Administrativt vedtak. Saknr: 767/19

Tiltakshavar: Nils-Arne Træland

Ansvarleg søkjar: Nhb Vest AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 04.01.2019.

I vedtaket av 04.01.2019, så er det satt krav til oppført gjerde for eigedom gbnr 58/163 mot gbnr 56/7. Administrasjonen har gjort ein ny vurdering for mellombels bruksløyve og framtidig søknad om ferdigattest. Føresegnene legg opp til at gjerde skal vere ein felleskostnad for utbyggjarne. Administrasjonen legg til grunn at det er utbyggjarne i fellesskap som skal føre opp og bekoste gjerde for yttergrensene i byggjefeltet. Gbnr 56/163, som tomt i yttergrensa for byggjefeltet, vert ikkje aleine pålagt til å sette opp gjerde rundt sin eigedom.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Glassrekkverk på terrasser er ikkje etablert grunna 8 vekers leveringstid rekna frå 24.10.2019. Terrassedører er låst og sikra.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: einebustad med innebygd garasje.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.02.2020.

Det vert elles vist til søknad mottatt 24.10.2019 og sist supplert 15.11.2019.



VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Einbustad med innebygt garasje
Bygningsnummer:	300723491
Bruksareal:	352,6m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for einbustad med innebygt garasje på gbnr 56/163 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld for heile tiltaket
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.02.2020.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/3642

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Nils-Arne Træland	Veråsvegen 142	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Nils-Arne Træland	Veråsvegen 142	5955	LINDÅS